



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Maritim og teknisk komite
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	25.03.2014
<b>Tid:</b>	15:00 – 17:20

---

### Medlemer som møtte:

Idar Tarberg	Leder	H
Kjetil Kvalsvik	Medlem	FRP
John Nerem	Medlem	KRF
Runar Stave	Nestleder	AP

---

### Forfall:

Kirsti Hammerø	MEDL	H
Helene Remøy	MEDL	H
Gry Olaug Dimmen	MEDL	FOLK/SP

---

### Varamedlemer som møtte:

Marthe Vågsholm Sævik	Helene Remøy	H
Oddmund Voldsund	Kirsti Hammerø	H
Åse Alnes Kvalsvik	Gry Olaug Dimmen	KRF

---

### Andre:

Sekretær Hilde B. Skinnes  
Planleggar Aleksander Zahl Tarberg  
Byggesakshandsamar Eivind Flåskjær

Tilstades møtte 4 faste og 3 vara, fulltalig.

Ingen hadde merknader til at MTK-sak 38/14 vart lagt fram og handsama i møtet.

Til å skrive under møteprotokollen ilag med leiaren vart desse valde:  
Oddmund Voldsund og John Nerem

Oddmund Voldsund

Idar Tarberg

John Nerem

---

underskrifter

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 27/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 28/14	Protokoll frå førre møte.
PS 29/14	Delegerte saker
PS 30/14	Referatsaker
PS 31/14	Klage på MTK-sak 78/13 frå Beret Bjøringsøy
PS 32/14	Silje Berge og Even Fugledal 48/19 - Vedtak om ileggelse av lovbrotsgebyr i byggesak
PS 33/14	Gamle Sildoljefabrikken på Moltustranda 60/34 - Tiltak i høve tankanlegget på eigedomen
PS 34/14	Rune Eiken 38/227 - Behandling av klage på vedtak om dispensasjon og løyve til plassering av garasje
PS 35/14	Oddmund Kvalsvik 9/8 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av 2 bebygde bustadtomter.
PS 36/14	Kristin Hide Truelsen og Jan Truelsen 60/32 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av bustadtomt.
PS 37/14	Herøy Eigedom AS 37/381 - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan
PS 38/14	Søknad om tilskot til betre tilgjenglegheit for kollektivtransport

## Delegerte saker frå avdelingane

- DS 99/14 Gnr 60 Bnr 25,35,54,74 og 75 - Herøy kommune - frådelling av grunn til bustadfelt
- DS 100/14 May-Lise Kvalsund og Fred Arve Myklebusthaug 27/107 - Mellombels bruksløyve for bustadhus
- DS 101/14 Mellombels bruksløyve - 35/14 -Hus A - seksjon 1, 2, 3 og 4
- DS 102/14 Are Pilskog - 82/5 - riving av eldre løyve oppføring av atelier
- DS 103/14 Torunn og Jan Erik Bjørlykke - 34/538 og 543 - Vedtak om lovbrotsgebyr i byggesak 2012/215
- DS 104/14 BT Utbygging as v/ Bjarne Tarberg - 46/79,80 mfl - Rammeløyve veg og leidningsnett Tovågen bustadfelt
- DS 105/14 Åslaug Hildre 45/156 - Mellombels bruksløyve for bustadhus
- DS 106/14 Direktoratet for nødkommunikasjon 19/7 - Endring av tidlegare løyve og skifte av ansvarleg føretak i byggesak
- DS 107/14 Fredrik Hagemann - 40/1 - løyve til oppføring av grunn- mur og fundamentarbeid
- DS 108/14 Peter Frøystad 60/143 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus
- DS 109/14 Herøy Byggsenter AS 34/336 - Løyve til etablering av leilegheit
- DS 110/14 Mellombels bruksløyve - 37/494- seksjon 2
- DS 111/14 Boguslaw Lopuzynski 34/401 - Løyve til oppføring av garasje som tilbygg til bustadhus
- DS 112/14 Svein Tore Belden - 44/47 - Rorbu, kai og flytebrygge
- DS 113/14 Tussa Nett AS 42/122 - Ferdigattest for garasjebygg i Dragsund
- DS 114/14 Dragsund Småbåtlag 45/56 - Ferdigattest for utfylling og utlegging av flytebrygger
- DS 115/14 Robert Gjerdsbakk 4/264 - Ferdigattest for grill/badeplass m/terrasse
- DS 116/14 Gudmund Nærø 24/1 - Løyve til endring av tidlegare godkjent tiltak
- DS 117/14 Per Odd Håheim 29/233 - Løyve til

- oppfylling av terreng og oppføring av  
garasje
- DS 118/14 Roy-Yngve Sandmo 45/158 - Løyve til  
oppføring av einebustad
- DS 119/14 Eilert Geir Kvalsvik - 7/72 - Ombygging
- DS 120/14 Mellombels bruksløyve - 45/90 - seksjon  
1+2
- DS 121/14 Gnr 29 Bnr 14 - Frådeling av grunn til  
utbyggingsformål
- DS 122/14 Trond Tellefsen 36/40 - Løyve til oppføring  
av bustadhus med garasje
- DS 123/14 Kari Fredriksen 23/45 - Mellombels  
bruksløyve for bustadhus med  
sokkelleilegheit
- DS 124/14 Mellombels bruksløyve - 37/494 - seksjon  
1
- DS 125/14 Rune Grande 47/38 - Ferdigattest for  
oppføring av sjøhus
- DS 126/14 Gnr 46 Bnr 2 - Frådeling av tilleggsareal til  
gnr 46 bnr 28
- DS 127/14 Arve Voldsund - 26/27 - Tilbygg og  
fasadeendring
- DS 128/14 Asbjørn Espeseth - 22/2 - Ferdigattest  
rehabilitering av skorstein
- DS 129/14 Pål-Ove Husøy 4/318 - Endring av løyve -  
skifte av ansvarleg føretak i byggesak

## **Referatsaker**

- RS 7/14 Kryssing av Vaulane- referat frå møte i tverrfagleg gruppe den 5/3-2014
- RS 8/14 VS: Seilingsløp Vaulane og nye bruer - Fv 20 Nerlandsøybrua og Fv 18 Remyøybrua - Herøy kommune - Møre og Romsdal
- RS 9/14 Opplysningar vedk. søknad om frådeling - gnr. 9/8

## **PS 27/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

## **PS 28/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.**

### **Møtebehandling:**

Protokollen frå førre møte låg føre.

## **PS 29/14 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 30/14 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 31/14 KLAGE PÅ MTK-SAK 78/13 FRÅ BERET BJØRINGSØY**

### **Møtebehandling:**

Byggesakshandsamar Eivind Flåskjær orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 25.03.2014**

Maritim og teknisk komite imøtekjem delvis klagen til Beret Bjøringsøy og endrar sitt vedtak i MTK sak 78/13.

**Det vert med heimel i plan og bygningslova § 19-2 gitt dispensasjon frå grad av utnytting og byggegrenser mot veg frå gjeldande reguleringsplan, 197901 Feirelia, med sikte på oppføring av nytt bustadhus med integrert garasjedel. Eigedomen kan bebyggast med ein utnytting på 30% BYA og plasserast min 7 m frå senterlinje kommuneveg. Nærmaste avstand til nabogrense vert 4,0 meter mot gnr 81 bnr 21.**

**Tiltakshavar må brannsikre del av omsøkt bygg som kjem nærmare enn 8 meter frå garasjen på naboeigedomen gnr 81, bnr 21, jf sit.kart vedlegg nr 11.**

Grunngjeving:

Maritim og teknisk komite er av den klare oppfatning av at omsyna bak føresegnene det i denne sak vert søkt dispensasjon frå, ikkje vert vesentleg tilsidesett. Ein auke i % BYA frå 25 til 30% kjem frå tiltakshavar. Han vil med dette oppnå å få bygge eit bustadhus med 1 etg. der alle hovudfunksjonane er på ei flate og gjer det mogleg med tilgjengeleg bueining på omsøkt tomt. Auken i BYA får heller ikkje konsekvensar for parkering eller uteopphaldsrom. Eksisterande plan for omsøkt tomt er av eldre dato og speglar ikkje heilt dagens arealbehov for nye bustadar med auka behov for tilgjengelegheit. Av omsyn til desse momenta vil det vere klart større fordelar enn ulemper med å gi dispensasjon frå utnyttingsgraden i denne saka.

Maritim og teknisk komite er vidare av den klare oppfatning og samd med anlegg-og driftsavdelinga sine vurderingar i at, ein nærføring til kommunevegen, ikkje tilsidesett omsyna bak føresegnene det vert søkt dispensasjon frå. Tiltakshavar vil med ei slik plassering oppnå betre utanomhusareal, auke avstanden til skråning mot gangveg og unngå unødige terrenginngrep på tomta. Av omsyn til å oppnå god kvalitet på utearealet, mindre terrenginngrep og ønske om tilgjengeleg bueining vil ei nærføring av bustaden til 7,0 m til senterlinje veg her verte vurdert som akseptabelt og det vil ikkje føre til at omsyna det vert søkt dispensasjon frå vert vesentleg tilsidesett. Det er difor klart større fordelar enn ulemper ved å gi dispensasjon frå byggegrensene mot veg i denne saka.

**Planen sine intensjonar vert ikkje på noko punkt, som det vert dispensert frå, sett til side.**

Klagerett:

Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

**PS 32/14 SILJE BERGE OG EVEN FUGLEDAL 48/19 - VEDTAK OM ILEGGELSE AV LOVBROTSGEBYR I BYGGESAK**

**Møtebehandling:**

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.



KrF, John Nerem kom med slikt nytt framlegg:

*Med heimel i PBL § 32-8 første ledd bokstav f, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) § 16-1 første ledd bokstav a, nummer 2, **ilegges Enerbygg Bolig AS lovbrotsgebyr på kr 20.000,- for uaktsom eller forsettlig lovbrøt av PBL §§ 20-1, 21-2 og 21-4.***

Oppfylleelsesfristen er 4 veker frå brevetts dato, jf. pbl § 32-8 fjerde ledd.

KrF, John Nerem og H, Oddmund Voldsund røysta for det nye framlegget.

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 2 røyster.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 25.03.2014**

*Med heimel i PBL § 32-8 første ledd bokstav f, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) § 16-1 første ledd bokstav a, nummer 2, **ilegges Enerbygg Bolig AS lovbrotsgebyr på kr 35.000,- for uaktsom eller forsettlig lovbrøt av PBL §§ 20-1, 21-2 og 21-4.***

Oppfylleelsesfristen er 4 veker frå brevetts dato, jf. pbl § 32-8 fjerde ledd.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

### **PS 33/14 GAMLE SILDOLJEFABRIKKEN PÅ MOLTUSTRANDA 60/34 - TILTAK I HØVE TANKANLEGGET PÅ EIGEDOMEN**

#### **Møtebehandling:**

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

H, Idar Tarberg kom med slikt nytt framlegg:

1. Maritim og teknisk komite gjev med heimel i PBL 31-4 pålegg om at tankanlegga til Welcon AS på gnr. 60/34 vert sett i forskriftsmessig stand jmf. Plan og bygningslova § 29-6.
2. Maritim og teknisk komite gjev med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 31-4, pålegg om at tankanlegget på eigedomen skal overflatebehandlast og malast, og setjast i slik stand at det visuelt ikkje framstår som skjemmaende for omgjevnadane og nærmiljøet på Moltustranda, jfr. PBL §§ 29-2, 29-6 og 31-3.
3. Frist for istandsetting/utbetring av tankanlegget på gnr 60 bnr 34 blir sett til **1.8.2014.**

4. Maritim og teknisk komite ber Welcon AS, som eigar av tankanlegget, å dokumentere at tankane er utbetra innan ovannemnde frist.
5. Dersom tankanlegget ikkje blir utbetra etter punkt 1-3 innan fristen, skal anlegget rivast og fjernast frå eigedomen.

Framlegget frå Idar Tarberg vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 25.03.2014**

1. Maritim og teknisk komite gjev med heimel i PBL 31-4 pålegg om at tankanlegga til Welcon AS på gnr. 60/34 vert sett i forskriftsmessig stand jmf. Plan og bygningslova § 29-6.
2. Maritim og teknisk komite gjev med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 31-4, pålegg om at tankanlegget på eigedomen skal overflatebehandlast og malast, og setjast i slik stand at det visuelt ikkje framstår som skjemmande for omgjevnadane og nærmiljøet på Moltustranda, jfr. PBL §§ 29-2, 29-6 og 31-3.
3. Frist for istandsetting/utbetring av tankanlegget på gnr 60 bnr 34 blir sett til **1.8.2014.**
4. Maritim og teknisk komite ber Welcon AS, som eigar av tankanlegget, å dokumentere at tankane er utbetra innan ovannemnde frist.
5. Dersom tankanlegget ikkje blir utbetra etter punkt 1-3 innan fristen, skal anlegget rivast og fjernast frå eigedomen.

*Ein gjer elles merksam på at dette er eit nytt enkeltvedtak som kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

### **PS 34/14 RUNE EIKEN 38/227 - BEHANDLING AV KLAGE PÅ VEDTAK OM DISPENSASJON OG LØYVE TIL PLASSERING AV GARASJE**

#### **Møtebehandling:**

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 25.03.2014**

Maritim og teknisk komite kan ikkje sjå at klagen frå Rune Eiken, Audhild Kvalsvik og Iren Hjelmeseth, inneheld moment som tilseier noko endra vurdering i høve då dispensasjonssaka vart behandla i MTK-sak 11/14.

Komiteen meiner framleis at det er eit vilkår for å kunne gi dispensasjon og godkjenne garasjeplasseringa på eigedomen, at tiltakshavar ber kostnadane med og gjennomfører flytting vassleidninga over eigedomen.

Maritim og teknisk komite opprettheld difor sitt tidlegare vedtak i MTK-sak 11/14 og saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

### **PS 35/14 ODDMUND KVALSVIK 9/8 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV 2 BEBYGDE BUSTADTOMTER.**

#### **Møtebehandling:**

Oddvar Gjerde møtte frå Søre Sunnmøre landbrukskontor og orienterte i saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 25.03.2014**

Maritim og teknisk komite vedtek i medhald av PBL § 19-2 at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på frådeling av 2 bustadtomter frå gnr. 9 bnr. 8 på Runde i Herøy.

Avslaget på dispensasjonssøknaden er grunngjeve med at frådelingar som omsøkt vil medføre drifts- og miljømessige ulemper for landbruksdrifta i området og fjerne grunnlaget for sjølvstendig landbruksdrift på eigedomen.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

### **PS 36/14 KRISTIN HIDE TRUELSEN OG JAN TRUELSEN 60/32 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV BUSTADTOMT.**

#### **Møtebehandling:**

Planlegger Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 25.03.2014**

Maritim og teknisk komite vedtek i medhald av PBL § 19-2 at det vert gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen med sikte på frådeling av ei bustadtomt på om lag 715 m<sup>2</sup> frå gnr. 60 bnr. 32 på Moltustranda i Herøy. Realisering av omsøkte tiltak er avhengig av ein avtale med kommunen om å nytte kommunalt areal til deler av tilkomstvegen fram til bustadtomta. Det er eit vilkår for dispensasjonen at tiltakshavar ut over dette ikkje skal ha andre rettar i dette arealet og skal heller ikkje ha rett på evt. kompensasjon for sine utgifter til veganlegget dersom kommunen på eit seinare tidspunkt vel å bygge ein komplett veg i den aktuelle trasèen.

Dispensasjonen er grunngjeven med at tiltaket, med dei vilkår som skissert ovanfor, vil vere godt tilpassa ei framtidig heilskapleg løysing for området.

*Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.*

### **PS 37/14 HERØY EIGEDOM AS 37/381 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN**

#### **Møtebehandling:**

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Saka vert utsett til neste møte. Det blir halde synfaring i saka.

### **PS 38/14 SØKNAD OM TILSKOT TIL BETRE TILGJENGLEGHEIT FOR KOLLEKTIVTRANSPORT**

#### **Møtebehandling:**

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

H, Idar Tarberg kom med framlegg om ei busslomme ved Moltu skule.

FrP, Kjetil Kvalsvik kom med framlegg om ei busslomme i Kvalsvika.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne si tilråding med endringsframlegg frå Idar Tarberg og Kjetil Kvalsvik vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Maritim og teknisk komite - 25.03.2014**

1. Maritim og teknisk komite ber administrasjonen søkje om tilskotsmidlar til betring av tilgjenge for kollektivtransport i 2015.
2. Rådet ber om at følgjande tiltak blir prioritert i søknad om tilskotsmidlar:
  - 2.1.Oppgradering av fortau til universell utforma standard i Fosnavåg sentrum.
  - 2.2.Oppgradering av busslommer langs FV654 frå Myklebust til Fosnavåg sentrum, her busslommene på eigedomane: gnr. 37 bnr. 86 og 174. Samt busslommer ved Moltu skule og i enden av FV i Kvalsvika

**MØTET SLUTT!**